

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

STAD: Clarion Air Hotel, Sola

MØTETIDSPUNKT: 04.10.2023, KL. 0900 – 1700

Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Olin Johanne Henden	Nestleiar
Anne Karin Hamre	Medlem
Oddvar Kaarbøe	Medlem
Solfrid Borge	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Tord Anton Haaland	Medlem
Linda Karin Gangstøe	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Clarence Johnpillai	Varamedlem
Atle Lunde	Observatør

Deltakarar frå administrasjonen

Inger Cathrine Bryne, administrerende direktør
Ivar Eriksen, eigardirektør
Per Karlsen, økonomi- og finansdirektør
Hilde Christiansen, direktør medarbeidar,
organisasjon og teknologi
Bjørn Egil Vikse, fagdirektør
Bente Aae, kommunikasjonsdirektør
Torunn Nilsen, styresekretær

I forkant av styremøtet var det presentasjon av Sjukehusapoteka Vest HF ved styreleiar Helge Torgersen og konstituert administrerende direktør Lene Jakobsen Svanberg og Temasak om den sikkerheitspolitiske situasjonen og sivilt-militært samarbeid, ved administrerende direktør Inger Cathrine Bryne

Sak 089/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styret vurderte eigen habilitet i høve til saker på dagsorden.

Dagsorden:

Styreleiar orienterte om at styremøtet var ope for publikum og presse.

Det var to nye punkt på AD si orientering:

Pkt. 8 Utbyggingsprosjekt i Helse Fonna

Pkt. 9 Kampanjen «Leger må leve»

Dokument som er ettersendt:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var ettersendt:

- Sak 095/23 Avansert oppgaveplanlegging – sentrale KPI-ar og nivå på bemanning
- Korrigert styresak 094/23 Investeringskraft og investeringsnivå i Helse Vest (tabell på s. 14)

Forfall:

Wenche Kristin Røkenes hadde meldt forfall til møtet. Clarence Johnpillai møtte som vara.

Saker til eventuelt:

Det var ikkje meldt om saker til eventuelt.

Vedtak (samrøystes)

Innkalling og dagsorden blei godkjent.

Sak 090/23 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 06.09.23.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 06.09.2023.

Sak 091/23 Administrerande direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

4. Regionale planar under arbeid

Administrasjonen viste til utsendt notat.

5. Status beredskap

Administrasjonen viste til temasak i forkant av styremøtet.

6. Anskaffing rehabilitering

Styret blei orienterte om situasjonen knytt til anskaffinga. For å sikre geografisk spreing rehabiliteringstilbod i regionen, vil Helse Vest gå ut med ein ny konkurranse i Fonna området eventuelt i kombinasjon med å styrke rehabiliteringstilbodet i Helse Fonna.

7. Orientering om innspel til statsbudsjett 2025

I vedlegg 1 til føretaksprotokoll av 17. januar 2023 er det forutsett at dei regionale helseføretaka gir innspel til statsbudsjett for 2025 innan 1. desember 2023. Dei fire regionale helseføretaka har i fellesskap vurdert aktivitetsbehovet for 2025 innan somatiske tenester, psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusmiddelbehandling (TSB), og utarbeidd felles utkast til innspel.

Styret gav sine innspel til utkastet i møtet. Styret peika særleg på at det må leggjast vekt på spesialisthelsetenesta sine rammer knytt til auka rente og kostnadsvekst.

Innspela vil bli tatt med i det vidare arbeidet, og endeleg forslag til *Felles innspel til statsbudsjett 2025* vil bli lagt fram for styret til behandling i styremøtet i desember.

8. Utbyggingsprosjekt i Helse Fonna

Styret blei orienterte om status i forhold til utbyggingsprosjekt i Helse Fonna og om korleis vedtakspunkta frå Helse Vest sin styresak 009/23 *Forprosjekt og revidert forprosjekt for byggetrinn 2 ved Haugesund sjukehus* er følgt opp.

9. Kampanjen «Leger må leve»

Styret blei orienterte om kampanjen og det partsamansette arbeidet som pågår. Det blir arbeidd systematisk med mellom anna strukturelle utfordringar, system, utdanning, vaktbelastning, oppgåvedeling, HMS og arbeidsmiljø for å finne fram til tiltak som kan betre situasjonen for leger i spesialisthelsetenesta.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 092/23 Rapportering frå verksemda per august 2023

Oppsummering

Målekort

(Tal for pakkeforløp kreft er ikkje publisert per august, sjukefråvær og bemanning i målekortet er per juli)

Målekort Helse Vest - august		Nasjonale mål	Denne periode		Måloppnåelse	Hittil i år		Måloppnåelse
			Faktisk	Mål HV		Faktisk	Mål HV	
Kvalitet	Ventetid - somatikk	50	72	50		65	50	
	Ventetid - PHV	40	61	40		49	40	
	Ventetid - BUP	35	68	35		57	35	
	Ventetid - TSB	30	33	30		33	30	
Andel kontakter passert planlagt tid			14,2 %			14,0 %		
* Pakkeforløp kreft - andel behandlet innen standard forløpstid - alle behandlingsformer								
Korridorpasienter somatikk			1,3 %			1,4 %		
Aktivitet:				Tall i fjor	Endring mot fjoråret		Tall i fjor	Endring mot fjoråret
Somatikk	Døgnopphold		13 314	13 511	-1,5 %	108 212	107 131	1,0 %
	Dagopphold		5 119	4 967	3,1 %	42 671	42 422	0,6 %
	Poliklinikk		114 958	110 742	3,8 %	934 017	864 537	8,0 %
Psykiatri	Døgnopphold		830	796	4,3 %	6 461	6 727	-4,0 %
	Dagopphold		91	136	-33,1 %	685	658	4,1 %
	Poliklinikk		35 711	38 527	-7,3 %	302 817	317 703	-4,7 %
TSB	Døgnopphold (ekskl. private)		151	118	28,0 %	1 152	935	23,2 %
	Dagopphold		6	1	500,0 %	27	11	145,5 %
	Poliklinikk		6 967	7 398	-5,8 %	54 575	58 563	-6,8 %
Bemanning	Brutto månedsværk		25 544	25 129	1,7 %	25 142	24 696	1,8 %
	Sykefråvær	5,5 %	8,7 %	9,5 %		8,5 %	9,0 %	
Økonomi	Resultat		Regnskap 30 465	Budsjett 48 723	Avvik -18 258	Regnskap 84 361	Budsjett 409 945	Avvik -325 584

Den gjennomsnittlege ventetida er forventa å stige i august måned, og for alle fagområda var den på 69 dagar i august, noko som er over målet på 50 dagar. Ventetid for somatikk og psykisk helsevern vaksne (PHV) ligg over måla på 50 og 40 dagar. For psykisk helsevern barn og unge (BUP) var ventetida i august langt over målet på 35 dagar i gjennomsnitt, men talet var likt for 2022. Ventetid for tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) ligg på 33 dagar i august, noko som er litt over målet på 30 dagar, og ei forbetring frå 2022.

Den høge gjennomsnittlege ventetida er påverka av nokre fagområde som krev særskilt merksemd framover. Det pågår oppfølging knytt til ulike tiltak og kunnskapsbygging i et regionalt samarbeid.

Samla er det ein auke i aktiviteten frå juli, og ein auke i aktivitet i august samanlikna med august 2022 og 2019. Aktivitet for somatikk er høgare enn same tid i 2022, medan aktiviteten for psykisk helsevern vaksne, psykisk helsevern barn og unge og TSB er aktiviteten lågare for august 2023 enn august 2022.

Resultatet per august er 325,6 mill. kroner dårlegare enn budsjett, men avviket for august månad er noko mindre enn tidlegare i 2023. Hovudavvika ligg først og fremst på løn- og personalkostnader som innleige, overtid og vikarar. I tillegg er det lågare aktivitetsbaserte inntekter samanlikna med budsjett.

Den tette dialogen mellom Helse Vest RHF og føretaka når det gjeld den økonomiske situasjonen fortsett. Alle helseføretaka har iverksett ei rekke tiltak, og fleire av føretaka iverksett no ytterlegare tiltak for å få ynskja økonomisk effekt. Styra i helseføretaka følgjer dette tett opp, og det pågår deling av kunnskap og tiltak i møter i regionen.

Styret var uroa over ventetidsutviklinga innan somatikk og psykisk helsevern og gav sin tilslutning til at midlane som var sett av til kjøp av kirurgiske tenester blir nytta til å sette inn tiltak for å få ned ventetid.

Styret peika på den lange ventetida ved høyrseproblem og ønska eit notat om kapasitet ved høyrsecentralane og utdanning av radiografar til eit seinare styremøte.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 31. august 2023 til vitande.

Sak 093/23 Status frå Sykehusinnkjøp HF og halvårleg rapportering av oppnådd gevinstpotensial på innkjøpsområdet

Saka kom frå eit felles eigd føretak i spesialisthelsetenesta, og var difor ikkje på nynorsk.

Oppsummering

Administrerande direktør Bente Hayes og prosjektleiar OU Jannicke Daae Tønjum presenterte Sykehusinnkjøp HF og oppnådd gevinstpotensial på innkjøpsområdet.

Fra forrige rapportering til styret i Helse Vest RHF (Sak 105/22) har Sykehusinnkjøp HF fortsatt sitt utviklingsarbeid knyttet til «Virksomhetsspesifikke oppdrag til Sykehusinnkjøp HF» og «Målbilde og strategisk retning for Sykehusinnkjøp HF» gitt Sykehusinnkjøp HF i Oppdragsdokument 2023. Status for Sykehusinnkjøp HF sitt utviklingsarbeid knyttet til utarbeidelse av kategoriplaner («Kategoriprogrammet») og etablering av analyseplattform, som er to utviklingsaktiviteter som er vesentlig for levering av et ytterligere forbedret gevinstpotensial til spesialisthelsetjenesten vil bli presentert for styret i Helse Vest RHF som innledning til nedenstående rapportering av oppnådd gevinstpotensial på innkjøpsområdet siste løpende 12 måneder.

Samlet kan Sykehusinnkjøp HF per 01.09.2023 vise til et gevinstpotensial til foretakene i Helse Vest på MNOK 470 (8,4 %) på etablerte avtaler siste 12 måneder. På tross av fortsatt høy prisstigning i mange markeder, har Sykehusinnkjøp HF likevel en målsetning om å oppnå et gevinstpotensial på $\geq 6,3$ % i 2023 (rullerende 12 måneder). Samlet anser derfor

Sykehusinnkjøp HF at oppnådd gevinstpotensial for perioden er noe Helse Vest overordnet kan se seg fornøyd med.

Samtidig erfarer Sykehusinnkjøp HF at det fortsatt er ytterligere gevinstpotensial å hente ut knyttet både til ytterligere samordning på en del anskaffelsesområder, ytterligere spisset valg av konkurransestrategi og avtaleform, ytterligere profesjonalisere prosessene knyttet til implementering av avtaler, profesjonalisert avtaleforvaltning og korrekt bruk av avtalene. Sykehusinnkjøp HF vil fortsette arbeidet med synliggjøring av ikke uthentet gevinstpotensial.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest RHF tok status frå Sykehusinnkjøp HF og halvårleg rapportering av oppnådd gevinstpotensial på innkjøpsområdet til orientering.

Sak 094/23 Investeringskraft og investeringsnivå i Helse Vest

Oppsummering

Styret i Helse Vest behandla i møte den 14.06.2023 sak 059/23 Økonomisk langtidsplan 2024-2028. I denne saka vart det mellom anna fastsett resultatkrav for perioden 2024 til 2033. Det er sak 059/23 det er referert til når ein seinare i denne saka omtaler økonomisk langtidsplan (ØLP). Helseføretaka har eit heilskapleg ansvar for investeringar og drift. Investeringsplanane er fastsett med bakgrunn i det samla økonomiske og finansielle grunnlaget ein klarer å skape innafor dei økonomiske rammene.

Helse Vest har tidlegare vurdert at resultatnivået bør ligge ein stad mellom 7-800 mill. kroner for å kunne handtere eit investeringsnivå som dekker framtidig behov og samtidig gir eit tilfredsstillande økonomisk handlingsrom.

Eit slikt resultatnivå er no under stort press både som følgje av strammare økonomiske rammer, men og som følgje av auka kapitalkostnader som følgje av fleire byggeprosjekt som er eller blir ferdige dei næraste åra.

Sjølv om helseføretaka no gjennomfører fleire byggeprosjekt, er det fortsett definert eit behov for ytterlegare investeringar. Eit døme på dette er fase II av nye SUS som i sitt fulle omfang er utsett på ubestemt tid. Helse Stavanger vil hausten 2023 gjere ei vurdering av om ein kan gjennomføre delar av fase II nye SUS. I Helse Fonna har ein skalert ned fase II av nye Haugesund sjukehus som følgje av manglande økonomisk berekraft. Tilsvarande tilnærming har ein i Helse Førde. I Helse Bergen er det og ein rekke byggeprosjekt som ligg framfor, men som er skuve ut i tid for å tilpasse den økonomiske bereevna.

Den samla konsekvensen er derfor at fleire byggeprosjekt blir anten utsett i tid eller nedskalert for å tilpasse seg økonomisk berekraft. Dette er viktig og riktig sett i lys av at ein

har eit heilskapleg ansvar for økonomien. Samtidig gir dette utfordringar i forhold til å oppnå ei meir optimal drift inn i framtida.

Det er og ei utfordring at produktivitetsveksten i spesialisthelsetenesta er lågare enn dei andre næringane. Ein ser at veksten i brutto årsverk dei siste åra ikkje støtter opp under ein tilsvarande vekst i aktivitet. Veksten i årsverk kan ikkje halde fram slik vi har sett dei siste åra, både som følgje av at dette vil vere ein knapp ressurs og at det ikkje vil vere økonomisk grunnlag for ein slik vekst.

I denne saka er det gjort vurderingar i forhold til denne problemstillinga og spørsmålet er om den sterke veksten for behov for helsepersonell er en konsekvens av at vi investerer for lite.

- Helse Vest har historisk sett investert på eit lågt nivå, men er no inne i ein fase med høge investeringar, for så å gå tilbake til det opphavlege nivået frå og med 2026
- Det inneberer ei stor oppbygging av gjeld og auka rentekostnader og avskrivningar som krev effektivisering av drifta
- Spesialisthelsetenesta har generelt hatt ein lågare produktivitetsvekst enn dei andre næringane. Veksten i brutto årsverk dei siste åra gir ikkje nødvendigvis ein tilsvarande samla vekst i aktivitet.
- Dette er utfordrande både i forhold til mangel på helsepersonell samt resultatutviklinga
- Ein viktig del av løysinga kan vere investeringar som bidrar til produktivitetsvekst og frigjer av personellressursar
- Eit høgare investeringsnivå inneber ytterlegare oppbygging av gjeld og auka rentekostnader og avskrivingskostnader. Dette betyr auka behov for effektivisering og produktivitetsvekst
- Produktivitetsvekst i sektoren er ei samansett problemstilling og det er behov for å vite meir om samhengane mellom aktivitet, bemanning og innsatsfaktorar samt korleis ein gjennom investeringar kan vri ressursbruken frå personell til kapital. Det kan vere aktuelt å kontakte miljøa ved universiteta for initiativ til å skape auka kunnskap om dette.
- Det krevst myke effektivisering av verksemda for å dokumentere berekraft for høgare nivå på investeringar. Det er viktig at rammeføresetnadene i Statsbudsjetta følgjer utviklinga både når det gjeld prisvekst, renteføresetnader og at det i tillegg er tilgang på lån til dei store prosjekta

Saka var ei drøftingssak der styret blir invitert til å kome med innspel på korleis ein kan arbeide vidare med denne utfordringa.

Innspel frå styret:

- Det er behov for investeringar i helseføretaka framover i samsvar med Regional utviklingsplan både i forhold til bygg, medisinsk- teknisk utstyr og IKT. Det vil vere naudsynt å ha eit langt perspektiv på dimensjonering.
- Helseføretaka sine budsjett må vere realistiske i forhold til aktivitet.
- Mogleighetsrommet for å skape rom for investeringar vil i hovudsak vere:
 - Ta ut dei effektiviseringseffektane som allereie er lagt i budsjetta
 - Ta ut ytterlegare effektivisering
 - Unngå vekst i årsverk
 - Digitalisering
 - Avklare kva for tenester spesialisthelsetenesta ikkje skal levere. Prioritering må skje nasjonalt.
 - Dialog om organisering og måten vi organiserer investeringar på
 - Sjå på gjennomføringsgrad og sikre at vi klarer å gjennomføre den gevistrealiseringa som ligg i prosjekta
- Det må framleis vere eit mål med likeverdige helsetenester uansett kor ein bur i landet.
- Styret ønskja å få lagt fram ulike scenearias for ulike investeringsnivå og effektiviseringsbehov for styret i mai, som grunnlag for arbeidet med økonomisk langtidsplan og realisering av utviklingsplan
- I innspel til statsbudsjett 2025 peika styret på at det særleg må leggjast vekt på rammebetingelsar for spesialisthelsetenesta knytt til auka rente og kostnadsvekst.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret tok saka til vitande og ba administrerande direktør om å legge fram scenearios for ulike investeringsnivå og effektiviseringsbehov for styret i mai, som grunnlag for arbeidet med økonomisk langtidsplan og realisering av utviklingsplan.
2. Styret legg til grunn at det vert teke omsyn til renteauken sin verknad på helseføretaka sin økonomi.

Sak 095/23 Avansert oppgåveplanlegging – sentrale KPI-ar og nivå på bemanning

Oppsummering

Styret har bedt om sak om avansert oppgåveplanlegging der ein peikar på sentrale KPI-ar og nivå på bemanning. Avansert oppgåveplanlegging er ein metodikk for å etablere føreseielege arbeidsplanar for klinikanane på den eine sida og grunnlaget for planlegging av pasientforløp.

Avansert oppgåveplanlegging har vore del av Alle møter programmet og Vel møtt frå 2013. Tiltaka i programmet har vært støtta av føresetnader i styringsdokument/oppdragsdokument til helseføretaka og brev med supplerande føresetnadar frå Helse Vest RHF i tillegg til styringsdokumenta/oppdragsdokumenta.

Arbeidet med avansert oppgaveplanlegging må halde fram. Dei styringskrav som er gitt over tid skal leggest til grunn. Det er allereie etablert andre KPI-ar som del av Alle møter programmet som og må nyttast.

Styringsdokumenta for 2024 må vere tydeleg og gjenta krava som er gitt i tidlegare styringsdokument. Tiltaka må være robuste og føre til varig endring.

Styra i føretaka må vere orienterte om framdrift og kva som er utfordringane i sitt føretak. Det er og mykje verdi i læring på tvers mellom einingar og helseføretak.

Styra i helseføretaka må følgje opp KPI-ane på ein føremålstenleg måte. Dette er del av grunnleggande fundament for god drift, kvalitet, pasientsikkerheit og godt arbeidsmiljø.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering.

Sak 096/23 Tertialrapportering per 2. tertial 2023

Oppsummering

Tertialrapporten for 2. tertial 2023 gir ein kortfatta status for ti utvalde område i Helse Vest, og viser stor aktivitet i regionen på mange ulike område.

1. Status for Topp 5 risikoområde
2. Status prioritering psykisk helsevern og TSB
3. Status for felleseigde føretak
4. Status for byggeprosjekt
5. Status for nasjonale og regionale ikt- og teknologiprosjekt
6. Status for IKT-program
7. Status for interregionale prosjekt
8. Rapportering på riksrevisjonsoppfølging og oppfølging av rapportar frå Sivilombodet
9. Status for aktive regionale planar
10. Status kvalitetsindikatorar

Arbeidet med dei fem risikoområda under paraplyen *Topp 5 risiko* skal no evaluerast, og det er lagt til rette for ein eigen prosess for utveljing av område som ein i fortsettinga skal sjå nærare på. Det er gjort eit grundig arbeid innanfor dei områda som dei seinaste åra har vore i fokus, og ein har fått fram konkrete tiltak som skal følgjast opp i føretaksgruppa. Den vidare oppfølginga er sentral for å realisere gevinstane som ligg i dei ulike arbeida når det gjeld pasientsikkerheit, informasjonssikkerheit, riktig bruk av kapasitet innanfor radiologi og ortopedi, behalde, rekruttere og utvikle medarbeidarar, og å sikre eit trygt arbeidsmiljø.

Det er høg aktivitet i ulike IKT-program og -prosjekt, og fleire store initiativ går no over frå prosjekt til drift. I den samanheng vil den nye styringsstrukturen for digitalisering kunne bidra til framleis føremålstenleg styring av løysingane. Under dette vil det særleg bli vektlagt

at forvaltning og vidareutvikling av løysingane støttar opp under målet om auka brukarvennlegheit og å hindre vekst i behov for ressursar og personell.

Sentrale funn frå riksrevisjonsrapportane er langt på veg integrert i ulike planar, prosjekt og andre arbeid som går føre seg i eigna strukturar. Slik går denne oppfølginga inn som del av Helse Vest sitt heilskaplege styringssystem.

Dei nasjonale kvalitetsindikatorane blir nytta til å arbeide aktivt med forbetring innanfor aktuelle område, og område der enkeltføretak gjer det bra legg grunnlag for læring på tvers i føretaksgruppa. Per 2. tertial 2023 er det berre eit avgrensa tal indikatorar som er blitt publisert, og det er generelt ei utfordring at det går relativt lang tid mellom tidspunkt for innhenting av data og tidspunkt for publisering av data, noko som kan gjere det krevjande å styre etter desse tala.

Samla sett syner tertialrapporten at det er godt samsvar mellom pågåande initiativ og dei oppgåver Helse Vest har, og rapporten adresserer nokre av dei mest sentrale områda som skal føre til at ein når måla til Helse Vest.

Styret ønskja å vere tettare involverte i prosessen rundt val av topp 5 risiko. For 2023 blei følgjande prosess avtalt:

Revisjonsutvalet får bruttolista over dei valde topp 5 risiko til behandling for innspel og prioritering på møte i november/desember. I same møte skal revisjonsutvalet få moglegheit til å gje innspel på kriterium og neste års prosess.

Styret får saka til orientering i desember 2023.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest tok Tertialrapport per 2. tertial 2023 til vitande.

Sak 097/23 Justering av resultatkravet til Helse Bergen og Helse Vest

Oppsummering

Styret i Helse Vest behandla i møte den 14.06.2023 sak 058/23 *Revidert nasjonalbudsjett 2023*. Denne saka tar mellom anna føre seg endringar i resultatkravet til helseføretaka som følgje av konsekvensar frå tildelinga i RNB. Den økonomiske situasjonen i Helse Bergen gjer at man har eit behov for å justere resultatkravet frå 150 mill. kroner til 0 for 2023. Årsaka er lågare tildeling frå RNB enn føretaket først hadde føreset, samt konsekvensar frå den utfordrande driftsøkonomiske situasjonen føretaket står i. Tilsvarende justering vil også bli lagt til grunn i føretakets investerings- og finansieringsbudsjett.

Vedtak (samrøystes)

1. Resultatkravet for Helse Bergen blir i 2023 endra mot sak 058/23 *Revidert nasjonalbudsjett*, og blir redusert frå 150 mill. til 0.

2. Nytt samla resultatkrav for Helse Vest føretaksgruppa blir endra frå 670 mill. kronar til 520 mill. kronar som ein konsekvens med følgjande fordeling:

Føretak	Resultatkrav 2023, sak 058/23	Oppdatert resultatkrav, 2023
Stavanger	140 000	140 000
Fonna	0	0
Bergen	150 000	0
Førde	20 000	20 000
SAV	9 000	9 000
IKT	1 000	1 000
RHF	350 000	350 000
Total	670 000	520 000

Sak 098/23 Høyring NOU 2023 17 Nå er det alvor – Totalberedskapskommisjonen sin rapport

Oppsummering

Helse Vest RHF har utarbeidd høyringsinnspel til Totalberedskapskommisjonen sin rapport NOU 2023:17 – *Nå er det alvor*.

Helse Vest RHF si overordna vurdering er at rapporten er eit velskrevet, grundig og gjennomarbeidd dokument der kommisjonen på en svært god måte har fått belyst den samla sårbarheita.

Det er i høyringsuttala vald å spesielt gi innspel på kapittel 25 *Helseberedskap*. Helse Vest RHF har undervegs også kommentert andre deler av rapporten og kva Helse Vest RHF meiner det er viktig å ha fokus på framover. I innleiinga er det trekke fram dei anbefalingane som Helse Vest RHF meiner er spesielt viktige å følgje opp.

Styret ønskja følgjande endringar i høyringsuttalen:

- Omformulering av siste avsnitt under punkt 9 om grunnberedskap og responstid.
- Eit nytt avsnitt om petroliumssektoren og ansvar for beredskap og agering ved hendingar, særleg offshore.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest RHF tok høyringsinnspelet frå Helse Vest RHF til NOU 2023:17 *Nå er det alvor* til vitende.

Sak 099/23 Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 1. september

Oppsummering

Postadresse:
Helse Vest RHF
Postboks 303 Forus
4066 Stavanger

Elektronisk adresse:
post@helse-vest.no
www.helse-vest.no

Besøksadresse:
Nådlandsbråtet 40
Stavanger

Generell informasjon:
Sentralbord: 51 96 38
00
Org.nr: 983 658 725

Fredag 1. september 2023 kl. 14.30 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF. Møtet vart halde digitalt.

I møtet vart følgande saker behandla:

Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Sak 2 Dagsorden

Sak 3 Sal av eigedom, jf. lov om helseføretak § 31 (ref. Helse Vest RHF si styresak 066/23)

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest RHF tok protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF den 1. september 2023 til etterretning.

Sak 100/23 Protokollar frå møte i revisjonsutvalet

Oppsummering

Revisjonsutvalet i Helse Vest RHF hadde møte den 13. juni og den 6. september. Styret vert orientert om revisjonsutvalet sitt arbeid gjennom protokollane.

Protokollane frå møta blir godkjent fortløpande av medlemmene av revisjonsutvalet, anten i etterfølgjande møte eller skriftleg over e-post.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok protokollane frå møta i revisjonsutvalet den 13. juni og 5. september til orientering.

Sak 101/23 Analyse av gjestepasientstraumar

Oppsummering

Styret ba i styremøtet den 7. desember (sak 120/22) om ei analyse av gjestepasientstraumar og vekst i gjestepasientkostnadar.

Med unntak av fleirregionale funksjonar og landsfunksjonar, er det eit mål at innbyggjaranes behov for spesialisthelsetenester i størst mogleg grad skal dekkast innanfor den enkelte region. Dei regionale helseføretaka (RHF-a) har ein eigendekning som varierer mellom 92 og 98 pst. Oslo universitetssjukehus har den største delen lands- og fleirregionale funksjoner. Helse Sør-Øst har derfor høgast eigendekning.

Gjennom bruk av data frå NPR har vi satt opp ein overordna oversikt over utviklinga i gjestepasientstraumane i perioden 2019-2022. Vi har tatt utgangspunkt i DRG-poeng, utførande HF og pasientens bustadsområde. Haraldsplass er ikkje ein del av det regionale gjestepasientoppgjeret. Vi har likevel vald å synleggjere pasientstraumen til Haraldsplass. Analysen er påverka av pandemien og ein analyse som hadde hatt med årsdata for 2023 ville

gitt eit betre bilete av utviklinga. I denne analysen har vi heller ikkje gått nærare inn på kva diagnosar og behandling pasientstraumen inneheld.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering.

Sak 102/23 Orientering frå det regionale brukarutvalet

Oppsummering

Regionalt brukarutval er særleg opptekne av den krevjande økonomiske situasjonen lang ventetid innan somatikk og psykisk helsevern. RBU følgjer tett med på styret sitt arbeid på dette området og støttar at konsekvensane av dei økonomiske utfordringane i spesialisthelsetenesta blir løfta fram i RHF-a sitt innspel til Statsbudsjett 2025.

Leiar av dei 4 regionale brukarutvala hadde eit godt møte med AD-ane i dei 4 RHF-a 25. september, der saker som brukarutvala er opptekne av blei diskutert. 9. oktober er det interregionalt møte med leiar og nestleiar i dei 4 regionale brukarutvala.

I RBU har det vore eit tema at det er krevjande for mange pasientar å sette seg inn i korleis dei kan klage. Digitalisering er krevjande for mange og pasientane sin juridiske kompetanse til å forstå helsedokument er varierende. Pasient- og brukaromboda kan hjelpe med dette. Administrasjonen vil sjå på korleis pasientar blir informert om pasient- og brukaromboda og gje tilbakemelding til leiar av RBU om dette.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok orienteringa frå det regionale brukarutvalet til orientering.

Sak 103/23 Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.

Skriv og meldingar

Skriv 01 – Oppfølgingsmøte med HOD 29.08.2023 - Rapportering sjukefråvær

Vedtak (samrøystes)

Styret tok skriv og meldingar til orientering.

Ref. 04.10.2023 Torunn Nilsen

Agnes Landstad Styreleiar

Olin Johanne Henden Nestleiar

Gunnar Berge Medlem

Anne Karin Hamre Medlem

Oddvar Kaarbøe Medlem

Solfrid Borge Medlem

Tord Anton Haaland Medlem

Sett:

Wenche Kristin Røkenes Medlem

Geir Arne Sunde Medlem

Linda Karin Gangstøe Medlem

Clarence Johnpillai Varamedlem

Postadresse:
Helse Vest RHF
Postboks 303 Forus
4066 Stavanger

Elektronisk adresse:
post@helse-vest.no
www.helse-vest.no

Besøksadresse:
Nådlandsbråtet 40
Stavanger

Generell informasjon:
Sentralbord: 51 96 38
00
Org.nr: 983 658 725